


Samanhengsanalyse Ungdata 2021


VEDLEGG TIL OPPVEKSTPLAN FOR KVAM 2023-2033



ungdata

Gjeld
herada/kommunane i
Hardanger og Voss
kompetanseregion:

Kvam, Ullensvang,
Eidfjord, Ulvik og Voss



Planprogrammet for oppvekstplanen i Kvam seier at me ønsker å få meir kunnskap om samanhengar mellom ulike faktorar i Ungdata-materialet. Prosjektgruppa til oppvekstplanen i Kvam har gjeve innspel til kva faktorar me ønsker å sjå på.

I rapporten kommenterer me funna, men det er utanfor rammene å drøfta funna eller setja dei inn i ein teoretisk samanheng. Når ein les funna, er det viktig å hugsa på at samanheng ikkje er det same som kausalitet. Kausalitet viser til årsaksforklaring. Me har ikkje grunnlag for å slutta at det ligg føre kausalitet fordi det er samanheng.

Ungdata-materiale frå kommunane i Hardanger og Voss kompetanseregion er med i analysen. Det er svara frå ungdomstrinn og vidaregåande som er teke med. Det vil seia at svara frå mellomtrinnet ikkje er teke med. Dette er for å avgrensa utvalet til ungdomspopulasjonen.

Grunngjevinga for å ta med heile regionen, og ikkje berre talmaterialet for Kvam, er for å få eit meir statistisk sikkert grunnlag. Kommunane har ganske like bakgrunnsvariablar, og det er difor relevant og interessant å sjå kommunane under eitt.

Rapporten er utarbeidd av Kristian Hartveit, spesialrådgjevar ved KoRus Bergen, Ingunn Hildonen Teigland, prosjektleiar for oppvekstplanen i Kvam herad og Reidun Braut Kjosås, folkehelsekoordinator i Kvam.

Kort samandrag av viktige funn frå materialet:

- Det er få elevar som seier at dei er sikre på at dei ikkje har ein ven
- Materialet viser mellom at det er ein tydeleg samanheng mellom vennskap og skuletrivsel. Dei som ikkje har ein ven, guarar seg mellom anna meir og føler i mykje mindre grad at læraren bryr seg om dei
- Det er ein tydeleg samanheng mellom det å ikkje ha ein ven og det å oppleva psykiske plager
- Om lag 10 prosent av elevane oppgjev at dei er veldig mykje plaga av faktorar som gjeld psykisk helse
- Denne gruppa er langt større enn gruppa som ikkje har ein ven. Det er grunn til å tru at dei som ikkje har ein ven, er ein del av den større gruppa som opplever psykiske plager
- Sosioøkonomisk status har i mindre grad enn dei faktorane vennskap og psykiske vanskar samanheng med skuletrivsel
- Det er ein klar samanheng mellom sosioøkonomisk status og deltaking i organisert fritid
- Viss ein heller enn sosioøkonomisk status brukar enkeltfaktoren om opplevd familieøkonomi, er utslaga mykje tydelegare når det gjeld skuletrivsel, rus, deltaking i organisert fritid og psykisk helse
- Barn og unge som ikkje har ein fast ven verkar å vera i ein særleg sårbar situasjon
- Barn og unge i familiane med lågast sosioøkonomisk status, verkar også å vera i ein særleg sårbar situasjon

Innhald

Innhald	3
Samanhengar	4
Utvalet fordelt på dei fem kommunane	6
Bakgrunnsfaktor 1: Har du minst én venn som du kan stole fullstendig på og kan betro deg til om alt mulig?	7
Samanheng mellom opplevd venskap og faktorar som gjeld skule	8
Samanheng mellom opplevd venskap og faktorar som gjeld fritid.....	11
Samanheng mellom opplevd venskap og faktorar som gjeld psykisk helse.....	13
Bakgrunnsfaktor 2: Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?	15
Samanheng mellom opplevd psykisk helse i form av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert og andre faktorar som gjeld psykisk helse	16
Samanheng mellom opplevd psykisk helse i form av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert og faktorar som gjeld skule	18
Samanheng mellom opplevd psykisk helse i form av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert og faktorar som gjeld fritid	20
Bakgrunnsfaktor 3: Sosioøkonomisk status.....	21
Samanheng mellom sosioøkonomisk status (søs) og faktorar som gjeld skule	22
Samanheng mellom sosioøkonomisk status (søs) og faktorar som gjeld psykisk helse	23
Samanheng mellom sosioøkonomisk status (søs) og faktor som gjeld rus (alkohol).....	25
Samanheng mellom sosioøkonomisk status (søs) og faktor som gjeld fritid	26
Samanheng mellom opplevd familieøkonomi og faktorane skuletrivsel, psykisk helse, rusa på alkohol og deltaking i organisert fritid	27

Samanhengar

Analysen tek utgangspunkt i faktorar som gjeld vennskap, psykisk helse og sosioøkonomisk status.

- Faktoren om vennskap er teken frå dette spørsmålet i undersøkinga: «Har du minst én venn som du kan stole fullstendig på og kan betro deg til om alt mulig?»
- Faktoren om psykisk helse er teken frå dette spørsmålet i undersøkinga: «Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?»
- Faktoren om sosioøkonomisk status (søs) er ein samlefaktor med bakgrunn i ulike spørsmål i undersøkinga som gjeld ressursar i heimen, til dømes eige soverom, foreldras utdanningsnivå, bøker i heimen.

Desse vert så kopla mot ulike faktorar som gjeld trivsel på skulen, fritid og psykisk helse.

Me vil til slutt visa til nokre samanhengar som gjeld heile Vestland under eitt og forklara kvifor resultata som gjeld sosioøkonomiske faktorar vil sjå ulikt ut avhengig av utvalet av respondentar og korleis ein sorterer tala når ein presenterer statistikken.


	Bakgrunnsfaktor:	Kopla mot desse faktorane:
1	Har du minst én venn som du kan stole fullstendig på og kan betro deg til om alt mulig?	Jeg gruer meg ofte til å gå på skolen
		Jeg trives på skolen
		Lærerne mine bryr seg om meg
		Utenom skolen, hvor lang tid bruker du vanligvis på aktiviteter foran en skjerm (TV, data, nettbrett, mobil) i løpet av en dag?
		Er du, eller har du tidligere vært, med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?
		Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert
		Følt at alt er et slit
2	Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?	Har du opplevd så mye press den siste uka at du har hatt problemer med å takle det?
		Hatt søvnproblemer
		Hvor lang tid bruker du gjennomsnittlig per dag på lekser og annet skolearbeid (utenom skoletida)?
		Jeg trives på skolen

		Utenom skolen, hvor lang tid bruker du vanligvis på aktiviteter foran en skjerm (TV, data, nettbrett, mobil) i løpet av en dag?
		Er du, eller har du tidligere vært, med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?
3	Sosioøkonomisk status	Jeg trives på skolen
		Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert
		Følt at alt er et slit
		Bekymret deg for mye om ting
		Drukket så mye at du har følt deg tydelig beruset
		Er du, eller har du tidligere vært, med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?
4	Opplevd familieøkonomi	Jeg trives på skolen
		Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert
		Drukket så mye at du har følt deg tydelig beruset
		Er du, eller har du tidligere vært, med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?

Utvalet fordelt på dei fem kommunane

Det var i alt 2116 respondentar frå dei fem kommunane. Dei fordeler seg slik:

Kommune	Respondentar - tal	Prosent
Ullensvang	522	24,7
Eidfjord	25	1,2
Ulvik	30	1,4
Voss	944	44,6
Kvam	595	28,1
	2116	100,0




FIGUR 1 TALET PÅ ELEVAR SOM HAR DELTEKE I UNGDATA 2021 I DEI ULIKE KOMMUNANE

Når det gjeld Eidfjord og Ulvik, vil svara herifrå vera frå undersøkinga på ungdomstrinnet. Svara frå ungdomspopulasjonen deira på vidaregåande vil i stor grad vera fanga opp i svara for dei andre kommunane.

Bakgrunnsfaktor 1: Har du minst én venn som du kan stole fullstendig på og kan betro deg til om alt mulig?

Svarfordeling – Har du minst én venn som du kan stole fullstendig på og kan betro deg til om alt mulig?

	Svarfordeling (tal)	Svarfordeling (%)
Ja, helt sikkert	1247	62,7
Ja, det tror jeg	525	26,4
Det tror jeg ikke	187	9,4
Har ingen	30	1,5



FIGUR 2 SVARFORDELING PÅ SPØRSMÅLET OM EIN HAR MINST EIN VEN


Kommentarar:

- Dei aller fleste har ein god ven. 1247 elevar kryssar av for at dei er sikre på at dei har minst ein ven. I tillegg kryssar 525 elevar av for at dei trur dei har ein ven.
- 30 elevar/1,5 prosent kryssar av for at dei ikkje har ein ven. I tillegg kryssar 187/9,4 prosent elevar av for at dei ikkje trur dei har ein ven.
- Kategorien «Ja, helt sikkert» er mykje større enn kategorien «Har ingen». Dette er verd å ha med seg når ein les tala vidare.

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktorar som gjeld skule

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktoren *Jeg gruer meg ofte til å gå på skolen*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?				
Jeg gruer meg ofte til å gå på skolen				
	Helt enig	Litt enig	Litt uenig	Helt uenig
Ja, helt sikkert	4,9	15,5	27,8	51,9
Ja, det tror jeg	9,1	20,3	36,4	34,3
Det tror jeg ikke	9,4	25	29,7	35,9
Har ingen	41,9	19,4	12,9	25,8




FIGUR 3 SVARFORDELING PÅ SPØRSMÅL OM EIN GRUAR SEG TIL Å GÅ PÅ SKULEN – KOPLA TIL VENNSKAP

Kommentarar:

- Av dei som er sikre på at dei har ein ven, gruar berre 4,9 prosent seg til å gå på skulen. Tilsvarende tal for dei som ikkje har ein ven, er 41,9 prosent.
- Samtidig er det 25 prosent av dei som ikkje har ein ven, som ikkje gruar seg til å gå på skulen (heilt ueinig).
- Det er ein tydeleg samanheng mellom vennskap og det å grua seg å gå på skulen.

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktoren *Jeg trives på skolen*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?				
Jeg trives på skolen				
	Helt enig	Litt enig	Litt uenig	Helt uenig
Ja, helt sikkert	57,8	33,2	6,6	2,4
Ja, det tror jeg	37,1	46,7	12,1	4,2
Det tror jeg ikke	37,4	44,2	12,1	6,3
Har ingen	12,9	22,6	29	35,5




FIGUR 4 SVARFORDELING OM EIN TRIVEST PÅ SKULEN - KOPLA TIL VENNSKAP

Kommentarar:

- Av dei som er sikre på at dei har ein ven, er 57,8 prosent heilt einige i at dei trivest på skulen. Berre 2,4 av dei er heilt ueinige i at dei trivest på skulen
- Av dei som ikkje har ein ven, er det berre 12,9 prosent som trivest på skulen, mens 35,5 prosent av dei er heilt ueinige i at dei trivest på skulen.
- Det er ein tydeleg samanheng mellom opplevd vennskap og det å trivast på skulen.

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktoren *Lærerne mine bryr seg om meg*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?				
Lærerne mine bryr seg om meg				
	Helt enig	Litt enig	Litt uenig	Helt uenig
Ja, helt sikkert	41,6	45,9	10	2,5
Ja, det tror jeg	34,9	47,8	15,2	2,1
Det tror jeg ikke	30,4	49,2	13,1	7,3
Har ingen	16,1	12,9	35,5	35,5



FIGUR 5 SVARFORDDELING OPPLEVING AV Å VERA LIKT AV LÆRARANE – KOPLA TIL VENNSKAP


Kommentarar:

- Det er tydeleg at dei som ikkje har vener, i større grad opplever at lærarane ikkje bryr seg om dei. Viss me slår saman kategoriane «Litt uenig» og «Helt uenig», ser me at 71 prosent av dei som ikkje har ein ven, opplever at læraren ikkje bryr seg om dei.
- Dei som er heilt sikre på at dei har vener, opplever i størst grad at lærarane bryr seg om dei.

Samanheng mellom opplevd venskap og faktorar som gjeld fritid

Samanheng mellom opplevd venskap og faktoren *Er du med, eller har du tidligere vært med, i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?			
Er du med, eller har du tidligere vært med, i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?			
	Ja, jeg er med nå (%)	Nei, men har vært med tidligere (%)	Nei, jeg har aldri vært med (%)
Ja, helt sikkert	54,9	35,6	9,5
Ja, det tror jeg	51	36,8	12,2
Det tror jeg ikke	48,7	37,4	13,9
Har ingen	43,3	40	16,7




FIGUR 6 SVARFORDELING DELTAKING ORGANISERT FRITID – KOPLA TIL VENNSKAP

Kommentarar:

- 54,9 prosent av dei som heilt sikkert har ein ven, er med i organisert fritid. Tilsvarende tal for dei som ikkje har ein ven, er 43,3 prosent
- Av dei som ikkje har ein ven, har 16,7 prosent aldri vore med i organisert fritid. Tilsvarende tal for dei som heilt sikkert har ein ven, er 9,5 prosent.
- Det er ein viss samanheng mellom det å ikkje ha ein ven og det å aldri ha delteke i organisert fritid.

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktoren *Utenom skolen, hvor lang tid bruker du vanligvis på aktiviteter foran en skjerm (TV, data, nettbrett, mobil) i løpet av en dag?*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?								
Utenom skolen, hvor lang tid bruker du vanligvis på aktiviteter foran en skjerm (TV, data, nettbrett, mobil) i løpet av en dag?								
	Ikke noe tid	Mindre enn 1 time	1-2 timer	2-3 timer	3-4 timer	4-6 timer	Mer enn 6 timer	
Ja, helt sikkert	0,7	2,2	8,1	18,6	28	27,2	15,2	
Ja, det tror jeg	0,8	2,9	8,1	15,9	27,1	30	15,1	
Det tror jeg ikke	0	1,6	12,1	19,2	22	28	17	
Har ingen	7,1	0	10,7	7,1	10,7	28,6	35,7	



FIGUR 7 SVARFORDELING MEDIEBRUK - KOPLA MOT VENNSKAP


Kommentarar:

- Grappa utan venar er overrepresentert når det gjeld å ikkje bruka noko tid på skjerm og når det gjeld å bruka meir enn 6 timar på skjerm.
- Me må hugsa at denne grappa er lita og at nokre få respondentar gjev stort utslag.

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktorar som gjeld psykisk helse

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktoren *Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?				
Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert				
	Ikke plaget	Lite plaget	Ganske mye plaget	Veldig mye plaget
Ja, helt sikkert	43,6	33,8	15,1	7,5
Ja, det tror jeg	29,4	37,3	22,2	11,2
Det tror jeg ikke	33,2	23,9	26,1	16,8
Har ingen	16,7	13,3	13,3	56,7




FIGUR 8 SVARFORDELING PSYKISK HELSE (ULUKKELEG, TRIST) - KOPLA MOT VENNSKAP

Kommentarar:

- Av dei som har vener, svarer 43,6 prosent at dei ikkje har psykiske plager. Av dei som ikkje har vener, svarer 16,7 prosent at dei ikkje har psykiske plager.
- 7,5 prosent av dei som har vener, er mykje plaga. 56,7 prosent av dei som ikkje har vener, er veldig mykje plaga.
- Når det gjeld dei to kategoriane i midten, er det fleire av dei som ikkje trur dei har vener enn dei som trur dei har vener som ikkje er plaga.
- Det er tydeleg samanheng mellom vennskap og psykiske plager.

Samanheng mellom opplevd vennskap og faktoren *Følt at alt er et slit*

Har du minst en venn du kan stole på og betro deg om til alt mulig?				
Følt at alt er et slit				
	Ikke plaget	Lite plaget	Ganske mye plaget	Veldig mye plaget
Ja, helt sikkert	30,8	37,7	19	12,5
Ja, det tror jeg	25,8	35,4	26	12,8
Det tror jeg ikke	31,5	26,1	23,4	19
Har ingen	16,7	6,7	20	56,7



FIGUR 9 SVARFORDELING PSYKISK HELSE (ALT ER EIT SLIT) - KOPLA MOT VENNSKAP


Kommentarar:

- Når det gjeld dei som har vener, vurderer til saman 68,5 prosent at dei ikkje er plaga/er lite plaga med å føla at alt er eit slit
- Tilsvarende tal for dei utan vener, er 23,4 prosent
- Når det gjeld dei som har vener, vurderer 12,5 prosent at dei er veldig mykje plaga. Talet er ganske likt for dei som trur dei har eller ikkje trur dei har vener. For dei som ikkje har vener, er talet 56,7 prosent.

Bakgrunnsfaktor 2: Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?

Svarfordeling – Har du følt det ulykkelig, trist eller deprimert?

	Svarfordeling (tal)	Svarfordeling (%)
Ikke i det hele tatt	728	38,1
Lite plaget	639	33,4
Ganske mye plaget	348	18,2
Veldig mye plaget	196	10,3



FIGUR 10 SVARFORDELING PÅ SPØRSMÅL SOM GJELD PSYKISK HELSE


Kommentarar:

- Kategorien «Veldig mye plaget» har 196 respondentar. Denne gruppa er mykje større enn den gruppa som ikkje har vener.
- Det er grunn til å tru at gruppa på 30 elevar som oppgjev at dei ikkje har vener, er del av gruppa på 196 elevar som er veldig mykje plaga med å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert.
- Det er altså vanlegare å kjenna psykiske plager enn å vurdera at ein ikkje har ein ven
- 71,5 prosent av elevane oppgjev at dei ikkje er plaga eller er lite plaga

Samanheng mellom opplevd psykisk helse i form av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert og andre faktorar som gjeld psykisk helse

Samanheng mellom opplevd psykisk helse og faktoren *Har du opplevd så mye press den siste uka at du har hatt problemer med å takle det?*

Har du følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?				
Har du opplevd så mye press den siste uka at du har hatt problemer med å takle det?				
	Ikke i det hele tatt	I liten grad	I stor grad	I svært stor grad
Ikke plaget i det hele tatt	82,6	15,5	1	1
Lite plaget	53,2	37,9	7,2	1,7
Ganske mye plaget	21,3	50,3	21	7,5
Veldig mye plaget	12,2	24	37,2	26,5




FIGUR 11 SVARFORDELING OPPLEVD PRESS - KOPLA MOT PSYKISK HELSE

Kommentarar:

- Av dei som ikkje har psykiske helseplager som å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert, har 82,6 prosent ikkje opplevd press som dei har hatt problem med å takla.
- Tilsvarende tal for dei som er mykje plaga med å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert, er 12,2 prosent
- Av dei som ikkje er plaga, har til saman 2 prosent opplevd press i stor eller svært stor grad
- Av dei som er veldig plaga, har til saman 63,7 prosent opplevd press i stor eller svært stor grad

Samanheng mellom opplevd psykisk helse og faktoren *Hatt søvnproblemer*

Har du følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?				
Hatt søvnproblemer				
	Ikke i det hele tatt	Lite	Ganske mye	Veldig mye
Ikke plaget i det hele tatt	59,4	32	6,5	2,1
Lite plaget	31,2	42,4	19,9	6,6
Ganske mye plaget	12,9	41	32,7	13,5
Veldig mye plaget	4	20,2	28,3	47,5



FIGUR 12 SVARFORDELING SØVNPROBLEM - KOPLA MOT PSYKISK HELSE


Kommentarar

- Me ser at godt over halvparten av dei som ikkje rapporterer om psykiske plager, heller ikkje rapporterer om søvnvanskar i det heile tatt.
- Nesten halvparten av dei som rapporterer om psykiske plager, rapporterer om mykje søvnvanskar.
- Det er ein tydeleg samanheng mellom psykiske plager og søvnvanskar

Samanheng mellom opplevd psykisk helse i form av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert og faktorar som gjeld skule

Samanheng mellom opplevd psykisk helse og faktoren *Hvor lang tid bruker du gjennomsnittlig per dag på lekser og annet skolearbeid?*

Har du følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?							
Hvor lang tid bruker du gjennomsnittlig per dag på lekser og annet skolearbeid?							
	Gjør aldri/nesten aldri lekser	Mindre enn en halvtime	1/2-1 time	1-2 timer	2-3 timer	3-4 timer	Mer enn 4 timer
Ikke plaget i det hele tatt	14,8	18,7	33,7	21,7	7,4	2	1,7
Lite plaget	12,6	19,8	32	22,6	8,3	2,8	2
Ganske mye plaget	19,3	19,3	28,7	19	8,9	4	0,9
Veldig mye plaget	29,8	12,1	24,7	14,1	11,6	4,5	3




FIGUR 13 SVARFORDDELING TID BRUKT PÅ LEKSE - KOPLA MOT PSYKISK HELSE

Kommentarar:

- Me ser ein overrepresentasjon av dei som har mykje psykiske plager i begge ender av skalaen:
 - Av dei som ikkje er plaga, gjer 14,8 prosent aldri/nesten aldri lekser. Av dei som er veldig mykje plaga, gjer 29,8 prosent aldri/nesten aldri lekser.
 - Det er få elevar som gjer 3 timar lekse eller meir per dag, men av dei som gjer det, finn me ein viss overrepresentasjon blant dei som er mykje psykisk plaga.
- Dei som gjer middels mengd lekse (mindre enn ein halvtime – 2-3 timar) er ganske jamt fordelt mellom kategoriane av psykisk helse.

Samheng mellom opplevd psykisk helse og faktoren *Jeg trives på skolen*

Har du følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?				
Jeg trives på skolen				
	Helt enig	Litt enig	Litt uenig	Helt uenig
Ikke plaget i det hele tatt	68,9	27,8	2,8	0,5
Lite plaget	52,1	39,4	6,4	2
Ganske mye plaget	24,4	54,9	16,4	4,3
Veldig mye plaget	12,2	42,3	25,5	19,9



FIGUR 14 SVARFORDDELING SKULETRIVSEL - KOPLA MOT PSYKISK HELSE


Kommentarar:

- Dei som i liten grad er plaga med psykiske vanskar, rapporterer i stor grad om at dei trivest på skulen. 68,9 prosent av denne gruppa er heilt einige i at dei trivest på skulen.
- Tilsvarende tal for dei som er veldig plaga med psykiske vanskar, er 12,2 prosent
- Me ser at mange av dei som er veldig plaga med psykiske vanskar, melder om middels trivsel på skulen. Kategoriane *Litt enig* og *Litt uenig* utgjer til saman 67,8 prosent av svara til denne gruppa.
- Av dei som er *Helt uenig* i at dei trivest på skulen, skil gruppa av som er veldig plaga med psykiske vanskar seg ut. 19,9 prosent av desse trivest ikkje på skulen i det heile. Talet er lågt for dei andre gruppene.

Samanheng mellom opplevd psykisk helse i form av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert og faktorar som gjeld fritid

Samanheng mellom opplevd psykisk helse og faktoren *Er du med, eller har du tidligere vært med, i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?*

Har du følt deg ulykkelig, trist eller deprimert?			
Er du med, eller har du tidligere vært med, i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?			
	Ja, jeg er med nå (%)	Nei, men har vært med tidligere (%)	Nei, jeg har aldri vært med (%)
Ikke plaget i det hele tatt	57	31,5	11,5
Lite plaget	54,9	36,6	8,5
Ganske mye plaget	49,7	39,6	10,7
Veldig mye plaget	41,6	46,7	11,7



FIGUR 15 SVARFORDDELING ORGANISERT FRITID - KOPLA MOT PSYKISK HELSE

Kommentarar:

- Det er noko skilnad i deltaking i organisert fritid.
 - Faktoren psykisk helse har lite å seia når det gjeld dei som aldri har vore med i organisert fritid.
 - Dei som ikkje har psykiske plager, deltek i større grad i organisert fritid enn dei som er veldig mykje plaga
 - Dei som er veldig mykje plaga, har i høgare grad slutta med organisert fritid enn det som gjeld for dei tre andre kategoriane.

Bakgrunnsfaktor 3: Sosioøkonomisk status


Faktoren om sosioøkonomisk status (SØS) er ein samlefaktor med bakgrunn i ulike spørsmål i undersøkinga som gjeld ressursar i heimen, til dømes eige soverom, ferie, foreldras utdanningsnivå, bøker i heimen.

Fordelinga mellom dei ulike kategoriane er gjort i persentil. Det vil seia at ein har teke alle svara og fordelt dei i om lag like store grupper. Dette er ein skilnad frå dei to førre bakgrunnsfaktorane, som er grupperte etter kva respondentane har svart på eit enkeltspørsmål.

SØS-gruppe 1 kan me seia er dei minst privilegerte når det gjeld ressursar i heimen, SØS-gruppe 5 er dei med mest tilgang på ressursar i heimen.

Svarfordeling i – Sosioøkonomisk status (SØS)

	Svarfordeling (tal)	Svarfordeling (%)
SØS-gruppe 1 (færrast ressursar)	352	18,1
SØS-gruppe 2	442	22,7
SØS-gruppe 3	456	23,4
SØS-gruppe 4	378	19,4
SØS-gruppe 5 (fleest ressursar)	320	16,4




FIGUR 16 SVARFORDELING MELLOM DEI FEM SØS-KATEGORIANE (FORDELTE ETTER PERSENTIL)

Samanheng mellom sosioøkonomisk status (SØS) og faktorar som gjeld skule

Samanheng mellom opplevd sosioøkonomisk status (SØS) og faktoren *Jeg trives på skolen*

Sosioøkonomisk status (søs)				
Jeg trives på skolen				
	Helt enig	Litt enig	Litt uenig	Helt uenig
SØS-gruppe 1 (færrast ressursar)	45,7	38,4	9,7	6,2
SØS-gruppe 2	44,6	39,4	12,5	3,4
SØS-gruppe 3	54	36,3	7,7	2,1
SØS-gruppe 4	48,5	42,1	6,2	3,3
SØS-gruppe 5 (flest ressursar)	56,1	32,7	7,6	3,6



FIGUR 17 SVARFORDELING SKULETRIVSEL - KOPLA MOT SOSIOØKONOMISK STATUS


Kommentarar:

- Me ser at respondentar i SØS-gruppe 3 og 5 i noko større grad enn dei andre gruppene rapporterer om at dei trivest godt på skulen
- Det er ikkje mange respondentar som er heilt ueinige i at dei trivest på skulen, men SØS-gruppe 1 har tydeleg fleire som svarer dette enn dei andre gruppene

Samanheng mellom sosioøkonomisk status (SØS) og faktorar som gjeld psykisk helse

Samanheng mellom opplevd sosioøkonomisk status (SØS) og faktoren *Følt meg ulykkelig, trist eller deprimert*

Sosioøkonomisk status (søs)				
Følt deg ulykkelig, trist eller deprimert				
	Ikke i det hele tatt	Lite	Ganske mye	Veldig mye
SØS-gruppe 1 (færrast ressursar)	38,6	31,8	14,5	15,1
SØS-gruppe 2	35,3	31,2	23,5	10
SØS-gruppe 3	38,6	35,7	17,5	8,1
SØS-gruppe 4	41,3	33,3	15,6	9,8
SØS-gruppe 5 (flest ressursar)	39,1	35,6	17,8	7,5




FIGUR 18 SVARFORDDELING PSYKISK HELSE - KNYTT TIL SOSIOØKONOMISK STATUS

Kommentarar:

- Det er lite skilnad mellom dei ulike SØS-gruppene når det gjeld svara for *Ikke plaget i det hele tatt*, *Lite plaget* og *Ganske mye plaget* av å kjenna seg ulukkeleg, trist eller deprimert
- Når det gjeld kategorien *Veldig mye plaget*, er det om lag dobbelt så mange som rapporterer om dette i SØS-gruppe 1 samanlikna med søs-gruppe 2

Samanheng mellom opplevd sosioøkonomisk status (SØS) og faktoren *Følt at alt er et slit*

Sosioøkonomisk status (søs)					
Følt at alt er et slit					
	Ikke i det hele tatt	Lite	Ganske mye	Veldig mye	
SØS-gruppe 1 (færrast ressursar)	32,6	28,9	21,9	16,6	
SØS-gruppe 2	27,4	33,8	23,3	15,5	
SØS-gruppe 3	30,1	36,1	19,7	14,2	
SØS-gruppe 4	31,6	36,6	20,7	11,1	
SØS-gruppe 5 (fleest ressursar)	24,8	43,7	20,8	10,7	



FIGUR 19 SVARFORDELING PSYKISK HELSE (ALT ER EIT SLIT) - KOPLA TIL SOSIOØKONOMISK STATUS


Kommentarar:

- Det er ikkje så store skilnader mellom korleis ulike SØS-grupper opplever at alt er eit slit
- Det er likevel ei overvekt av respondentar i SØS-gruppe 1 som rapporterer at dei veldig ofte opplever at alt er eit slit

Samanheng mellom sosioøkonomisk status (SØS) og faktor som gjeld rus (alkohol)

Samanheng mellom opplevd sosioøkonomisk status (SØS) og faktoren *Drukke så mye at du har følt deg tydelig beruset*

Sosioøkonomisk status (søs)					
Drukke så mye at du har følt deg tydelig beruset					
	Ingen ganger	1 gang	2-5 ganger	6-10 ganger	11 ganger eller mer
SØS-gruppe 1 (færrast ressursar)	63,4	6,1	12,7	8,8	9,1
SØS-gruppe 2	63,7	7,1	13,5	7,3	8,4
SØS-gruppe 3	64	6,6	13,2	7,9	8,3
SØS-gruppe 4	67,8	8,1	11,3	5	7,9
SØS-gruppe 5 (fleest ressursar)	64,9	7,1	13,7	9	5,3



FIGUR 20 SVARFORDELING RUS (ALKOHOL) - KOPLA MOT SOSIOØKONOMISK STATUS


Kommentarar:

- Det er lite variasjon i bruk av alkohol mellom dei ulike SØS-gruppene

Samanheng mellom sosioøkonomisk status (søs) og faktor som gjeld fritid

Samanheng mellom opplevd sosioøkonomisk status (søs) og faktoren *Er du med, eller har du tidligere vært med i, noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?*

Sosioøkonomisk status (søs)			
Er du med, eller har du tidligere vært med, i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?			
	Ja, jeg er med nå (%)	Nei, men har vært med tidligere (%)	Nei, jeg har aldri vært med (%)
Søs-gruppe 1 (færrast ressursar)	39,7	41,6	18,7
Søs-gruppe 2	53,4	36,9	9,7
Søs-gruppe 3	52,1	37,9	10
Søs-gruppe 4	54,6	36,9	8,5
Søs-gruppe 5 (flest ressursar)	66,3	26,4	7,3



FIGUR 21 DELTAKING ORGANISERT FRITID - KOPLA MOT SOSIOØKONOMISK STATUS


Kommentarar:

- Det er tydeleg samanheng mellom sosioøkonomisk status og deltaking i organisert fritid.
- Av dei med færrast ressursar i heimen, deltek 39,7 prosent i organisert fritid. Tilsvarende tal for dei med flest ressursar i heimen, er 66,3 prosent
- Fråfallet er størst for dei med færrast ressursar i heimen. 41,6 prosent av dei i Søs-gruppe 1 har slutta med organiserte fritidsaktivitetar. Tilsvarende tal for dei i Søs-gruppe 5 er 26,4 prosent.


Bakgrunnsfaktor 4: Opplevd familieøkonomi

Samanheng mellom opplevd familieøkonomi og faktorane skuletrivsel, psykisk helse, rusa på alkohol og deltaking i organisert fritid


Til slutt vil me visa til tal frå Ungdata som tilsynelatande gjev eit anna inntrykk av samanhengen mellom ressursar i heimen og andre faktorar. Dette er tal henta frå heile Vestland, altså eit større utval enn tala me har sett på tidlegare. Under figurane vert moglege forklaringar diskutert.



FIGUR 22 SVARFORDDELING SKULETRIVSEL - KOPLA MOT OPPLEVD FAMILIEØKONOMI




FIGUR 23 SVARFORDDELING PSYKISK HELSE (ULUKKELEG, TRIST) - KOPLA MOT OPPLEVD FAMILIEØKONOMI



FIGUR 24 SVARFORDDELING RUS (ALKOHOL) - KOPLA MOT OPPLEVD FAMILIEØKONOMI



Andel som har deltatt i organisert fritidsaktivitet etter opplevd familieøkonomi



Vestland US+VGS, 2021

FIGUR 25 SVARFORDELING ORGANISERT FRITID - KOPLA MOT OPPLEVD FAMILIEØKONOMI

Kommentarar:

- Desse tala gjev eit anna bilete enn tala som gjeld SØS-faktorar. Her kjem det fram at dei som har hatt dårleg råd heile tida skårar lågare enn dei andre gruppene når det gjeld å trivast på skulen, psykisk helse, alkohol og deltaking i organisert fritid. Denne skilnaden er langt mindre tydeleg i funna som gjeld SØS-tal.
- Kva kan forklara denne skilnaden?
 - Tala som viser samanhengar knytt til opplevd familieøkonomi er henta frå eit utval av ungdomspopulasjonen i heile Vestland fylke. Utvalet er difor mykje større og annleis samansett. Bergen utgjer ein stor del av respondentane. Sosioøkonomiske vilkår kan vera annleis der enn for kommunane i Hardanger og Voss kompetanseregion.
 - Utvalet er gjort på bakgrunn av berre ein faktor: Opplevd familieøkonomi. SØS-målet er samansett av fleire bakgrunnsfaktorar.
 - Fordelinga innanfor kategorien er annleis. Dei fem SØS-kategoriene er jamt fordelte, som persentil. Opplevd familieøkonomi er sortert etter kva eleven har svart på eitt enkelt spørsmål. Det vert difor mange færre respondentar i kategorien som gjeld opplevd familieøkonomi enn det som gjeld SØS. Utvalet vert snevrare, og utslaga vert difor større.